



Naturvernforbundet i Kvam

NVE –Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Voss, 4. november 2014

Høyringsuttale om overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn/Hodnaberg kraftverk i Voss kommune.

Voss Naturvernlag og Naturvernforbundet i Kvam har motteke Voss Energi AS sin søknad om løyve til å overføre Svartavatn til Torfinnsvatn for å auka kraftproduksjonen i Hodnaberg kraftverk. Sidan området ligg på grensa mellom Kvam og Voss er dette ein felles uttale frå Voss Naturvernlag og Naturvernforbundet i Kvam.

Generelt om tiltaket

Det er planlagt å overføre vatnet gjennom ein tunnell med inntak i austenden av Svartavatn . Tunneloverføringa er planlagt i to alternativ , alternativ 1 (1300 m) og alternativ 2 (1410 m). Det er også vurdert to alternativ for bygging av vassveg i fjell mellom Svartavatn og Torfinnsvatn. Det er vanleg tunneldriving med 16m² opningsareal og ved bruk av tunnellboremaskin der opningsarealet vert på 1,1 m². Vassoverføringa vil auka kraftproduksjonen i Hodnaberg kraftverk med 13,6 GWh.

Landskap og inngrep

Det er planlagt ein 0,6 m høg sperredam/terskel ved utløpet i nord/vest-enden av Svartavatn utan minstvassføring.

Tunneloverføringa frå Svartavatn til Torfinnsvatn er planlagt i to alternativ. Alternativ 1 vil øydeleggje den verdifulle naturtypen *elvedelta* ved tunnellinnløpet i Torfinnsvatn. Elvedeltaet er også ei visuell perle. Massane frå tunneldrivinga etter alternativ 1 er tenkt plassert inn mot fjellsida på andre sida av «blindtarmen» i forhold til stølen som ligg der. Dette verkar ikkje å vere noko god løysing, og verka heller ikkje å vere så gjennomtenkt av utbyggjar ved gjennomgangen på synfaringa. Massedeponeringa etter alternativ 2 er tenkt under naturleg vasstand inn mot fjellsida. Med nødvendige tiltak som er beskrive i søknaden i forhold til deponering av massar under vatn, tykkjest dette å vere ei betre løysing.

Biologisk mangfold

Overføringa resulterer i tørrlagt elveløp nokre hundre meter nedstraums Svartavatn og redusert vassføring eit par kilometer nedstraums. I dette området er det registrert *fossesprøytsone* som er ein

verdifull naturtype og denne vert påverka negativt på grunn av redusert vassføring og luftfuktigheit. Spesielt for arter som krev fuktigheit er dette negativt. Den raudlista arten strandsnipe er direkt knytt til dette vassdragsmiljøet, også fossekallen kan bli negativt påverka av den reduserte vassføringa.

Konklusjon

Voss Naturvernlag og Naturvernforbundet i Kvam er skeptiske til denne utbygginga først og fremst fordi den medfører tørrlegging av elveløp dei første par hundre meter nedstrøms Svartavatn og sidan sterkt redusert vassføring ned mot Songrøvatnet. Elva frå Svartavatnet inn i Songrøvatnet vil få redusert vassføringa si med 34%. Dette området er mykje brukt som turområde og vil med utbygginga få redusert visuell verdi, samstundes som det er peika på forhold som kan få innverknad på naturmangfoldet.

Dersom konsesjon vert tilrådd, vil det subsidiert bli tilrådd at alternativ 2 vert nytta ved vassoverføring frå Svartavatn til Torfinnsvatn.

Med helsing

Voss Naturvernlag
Kåre Flatlandsmo(sign)
Leiar

Naturvernforbundet i Kvam
Eivind Vangdal(sign)
Styremedlem